



Arkivnr: 2016/2710-2

Saksbehandlar: Hanne Espe og Britt Karen Spjeld

### Saksframlegg

#### Saksgang

| Utval  | Saknr. | Møtedato   |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling |        | 13.04.2016 |

### Sveio - Temaplan for fysisk aktivitet 2016 - 2020 til høyring

#### Samandrag

Sveio kommune har sendt temaplan for fysisk aktivitet 2016 – 2020 til offentleg ettersyn med høyringsfrist 01.04.2016. Hordaland fylkeskommune tok i mot temaplanen på e-post 1. mars 2016.

Kulturdepartementet set følgjande krav i Føresegner om *tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2015*, punkt 2.2.7: *Det er eit vilkår for å kunne søke om spelemidlar at anlegget er ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.*

Sveio kommune skriv at temaplan for fysisk aktivitet 2016 – 2020 skal vera eit politisk styringsdokument som vil vere eit verkty for å nå kommunen sine mål innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i planperioden.

#### Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål og strategiar svarer på aktuelle utfordringar i Sveio kommune, er i tråd med vedteken regional politikk, og rår til at gjennomføringa av temaplanen vert prioritert i økonomiplanen.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
Kst fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 18.03.2016

### Bakgrunn

Sveio kommune har sendt Temaplan for fysisk aktivitet 2016 – 2020 til offentleg ettersyn med høyringsfrist 01.04. 2016.

### Statlege retningslinjer for planarbeidet

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein tematisk plan som har status som kommunedelplan, jf plan- og bygningslova §11-1, Kommuneplan:

*«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn. Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder. Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen».*

Kulturdepartementet set følgjande krav i *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2015*, pkt 2.2.7: «*Det er eit vilkår for å kunne søke om spilemidlar at anlegget er ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet».*

Kulturdepartementet har utarbeidd ein eigen rettleiar for utarbeiding av kommunedelplanar for idrett og fysisk aktivitet; «*Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet»* (V-0798, revidert utgåve 2014). I brev av 1. desember 2015 gjer Kulturdepartementet følgjande presiseringar:

- «*Fylkeskommunen kan ikke underkjenne/avslå vedtak om kommunal plan gjort i kommunestyret (med hjemmel/som følge av spillemiddelordningen), men kan velge å ikke prioritere anlegget i tildelingen.*
- *Når dokumentasjon på anleggets plass i kommunal plan ikke foreligger ved idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning skal det i forhåndsgodkjenningen forutsettes at dette foreligger dokumentert ved søknad om spilemidler. Hvis ikke dette foreligger skal ikke spillemiddelsøknaden godkjennes.*
- *Der hvor gjeldende kommunal plan er utgått skal det forutsettes i idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning at anlegget er tatt inn i ny plan før spillemiddelsøknad sendes. Dokumentasjon må foreligge for at spillemiddelsøknaden kan godkjennes.»*

### Regionale retningslinjer og vurderingar:

For ei effektiv gjennomføring av den regionale politikken i Hordaland er samspelet med stat og kommunar avgjerande. I handsaminga av planframlegget vurderer difor fylkesrådmannen i kva grad kva grad det samsvarer med vedteken regional politikk på feltet, jf Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025. Regional kulturplan har som mål å leggje til rette for auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i heile Hordaland og føreset mellom anna at dei viktigaste satsingane på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vert initiert i lokalsamfunn og kommunar. Ein legg til grunn prinsippet om å leggje til rette for aktivitets- og anleggsutvikling basert på lokale behov, og dei viktigaste drivkraftene i slike prosessar skal vere innbyggjarane i lokalsamfunna, lag, organisasjonar, skulane mv. Ein godt samordna og forma kommunedelplan som er i samsvar med den regionale politikken er eit tenleg reiskap for å sikre slike samarbeid og for å fremje fysisk aktivitet i kommunen.

Slik fylkesrådmannen vurderer det er heilskapen i framlegget i samsvar med hovudintensjonane i Regional kulturplan. For forankringa og gjennomføringa av den regionale politikken for idrett og friluftsliv er difor Sveio kommune sitt planframlegg eit godt rammeverk for vidare samarbeid mellom kommune, fylkeskommune og stat når handlingsprogramma vert utarbeidd.

## **Merknader til delkapitla:**

### *Forord*

I opplistinga av minstekrav til innhald frå departementet har temaplanen manglende innhald knytt til:

1. Prioriteret handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg.
2. Oversikt over forventa kostnader knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg.
3. Uproritert liste over langsigte behov for anlegg.
4. Lokaliseringen av eksisterande og planlagde anlegg, områder for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftslivsområder bør visast av relevante kart.

11. mars 2016 presenterte klima- og miljøminister Vidar Helgesen og helse- og omsorgsminister Bent Høie ny stortingsmelding om friluftsliv, Meld. St. 18 (2015–2016) Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet. Regjeringa ønskjer å bidra til at at fleire kan drive med friluftsliv. Aktivitet ute er ei viktig kjelde til høgare livskvalitet og betre helse for alle.

Det er positivt at det vert understreka at arealvurderingar må takast inn i kommuneplanen sin arealdel.

### *Kap 1 Innleiing*

God inkludering og medverknad gjennom å invitere mange til å kome med høyringsinnspele.

Godt avsnitt om frivillighet. Hordaland idrettskrets har laga ei oversikt over samfunnsverdien av frivillig arbeid i kvar enkelt kommune i Hordaland. Denne kan visast. Det er positivt at kommunen forskotterar spelemidlar til anleggsutvikling.

### *Kap 3 Overordna føringar og målsettingar*

I tillegg til dei nasjonale føringane som er skildra bør Nasjonal transportplan 2014-2023 med gå- og sykkelstrategi, folkehelselova og stortingsmeldingar knytt til tema nemnast. 11. mars vart ny friluftslivsmelding presentert; [Meld. St. 18 \(2015-2016\), Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet](#). Der er det nasjonale målet om maks 500 meter til nærmeste turløype i byar og tettstader forankra.

Det er positivt at det vert understreka at anleggstypar bør harmonere med aktivitetsprofilen til barn og ungdom. Kanskje skal planen også kan sei noko om jenter som eiga satsingsgruppe?

I avsnitt om arkitektur viser vi til Regional kulturplan (2015-25) som også omtalar dette.

Rett namn på departementet er Kulturdepartementet.

### *Kap 3.4 viser til relevant planforankring.*

Kap 3.5.1 Lova om pengespel vart sist endra i 2014 (s. 12 i regional kulturplan)

### *Kap 4 Status og utfordringar*

Positivt med evaluering av førre plan. Viktig premiss for utarbeiding av ny plan.

Kap 4.3 Spelemiddelfond viser til forskotteringsordninga som gjer det enklare for utbyggjarar å realisere anleggsprosjekt. Ein god modell for andre kommunar.

Kap 4.5 viser tabell over realiserte tiltak. Kva med det som ikkje er realisert og kvifor? Er det anlegg som står i kø til tildeling av spelemidlar?

### *Kap 5 Spelemidlar til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg*

Anlegg knytt til skuleområde kan også vere ordinære anlegg som t.d. del av idrettsparkar, jfr. regional kulturplan.

Kap 5.1 Fylkeskommunen fordeler tilskot til friluftsliv både gjennom statlege ordningar og fylkeskommunale ordningar, som t.d. tilskot til kartlegging og verdsetting og til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom.

### *Kap 6 Idrett*

Trend med at fleire kvinner trenar på treningscenter gjeld også ungdom.

Kap 6.1.7 Flott at de ønskjer å lyssetje turveg.

Når det gjeld spelemidlar så kan det løvvast inntil 1,2 mill per anleggstad, det er ikkje avgrensa til 3 søknadar.

#### Kap 7 Friluftsliv

Tilskot til merking og gradering er i tillegg til midlar frå Gjensidige, også midlar frå Hordaland fylkeskommune.

Statens direktorat for naturforvaltning har endra namn til Miljødirektoratet.

Registreringsarbeidet er eit nasjonalt prosjekt for kartlegging og verdsetting. Positivt at Sveio ønskjer å prioritere dette og har søkt midlar for 2016. Maksimalt tilskot er kr 60.000 pluss kr 30.000 til digitalisering av data og konvertering til SOSI standar.

Prosjektet med merking og gradering går ut 2016. Vegval for arbeidet vidare må avklarast innan 2016 både nasjonalt og regionalt.

S. 23 – rette namn på direktorat til Miljødirektoratet.

Kap 7.4 Det er viktig å ha brei medverknad i planlegging av skule- og nærmiljøanlegg. Også viktig å ta omsyn til at barn og ungdom har ulike behov. Jf. Regional kulturplan.

S. 25 – feil informasjon knytt til spelemiddelordninga, jf innspel til kap 6.

Kap 7.5 Hordaland Jeger og fisk har registrert fiskeplassar i alle kommunar i Hordaland med fylkeskommunal støtte. Fint å kunne bruke denne som eit grunnlag i planlegginga.

Tiltak i planperioden: Merkeprosjektet er støtta av Hordaland fylkeskommune i tillegg til Gjensidigestiftelsen.

Kap 7.6 Tiltak i planperioden bør vere definert som aktivetsanlegg, ikkje leik. Målgruppa for spelemidlar er frå 6 – 18 år.

Kap 7.7 Gode tiltak i planperioden. Bør ikkje vere spesielt for reiseliv, men også for befolkninga i kommunen og evt regionen.

#### Kap 8 Uorganisert aktivitet

Kap 8.4 Oppmodar til å vise til Merkehandboka, og tilskotet er som tidlegare spelt inn også frå Hordaland fylkeskommune.

Kap 8.5 Flott avsnitt om TELLtur. Eit godt tiltak som også andre kommunar i Hordaland no tek i bruk.

#### Kap 9 Natur, miljø og estetikk

Kap 9.1 Svært positiv til bruk av barnetråkk som metode.

Kap 9.3 Flott med samhandling mellom kulturminner og turvegar. Meirverdi og samarbeid på tvers.

#### Kap 10 Utviklingstrekk

Kapittel om utviklingstrekk kan med fordel flyttast fram i planen.

Nytt idrettspolitiske dokument vart vedteke i 2015.

Kap 10.2 Tabellane knytt til befolkningsutvikling er noko ulogisk i inndeling av aldersgrupper (t.d. 0-17 og 75-79). Kva kjelde er nyttig?

Kap 10.3 Meir fokus på dei områda der Sveio skil seg frå gjennomsnittet og kva tiltak ein bør iverksette.

Kap 10.7 Viser til tidlegare kommentar knytt til trendar kring treningscenter.

Frå s 32 er det feil nummerering på kapittel.

#### Kap 11 Idrettsanlegg

S. 33 Erfaringar frå mellom anna arbeid med Vestkystparken viser at det fungerer betre utan ordning for søppel. Det er betre resultat og enklare å administrere at brukarane tek med sitt eige søppel.

Haldingsskapande arbeid. SIM som forkortning bør forklarast.

### *Kap 12 Målsetting strategi*

I tillegg til tema som allereie er omtala i planen bør ein kanskje vurdere å implementere nye satsingsområde som t.d.:

- integrering av fleirkulturelle og særleg i møte med utfordringane samfunnet møter med straumen av flyktningar.
- Gang- og sykkelvegar. Sykkel er generelt eit satsingsområde regionalt i oppkøyringa til VM i 2017. Målet er at «alle» skal sykle vidare etter meisterskapen.

Planen bør innehalde handlingsprogram både for anlegg og aktivitet knytt opp til budsjett. Programmet bør vere både kortsiktig og langsiktig. Vedlagt bør det også finnast kart.